

KONTAKTEN

Kontaktorgan Vik skule Nr. 4 2022 - 2023 Årgang 48

**VED VIK SKULE YNSKJER ME AT ALLE SKAL
VERA TRYGGE, UTVIKLA SEG POSITIVT OG TRIVAST**

Velkommen til 1.klasse

Til hausten byrjar det 3 flotte elevar i 1. klasse. Det er Maria, Jens og Hanne. Dei har vore på innskrivingsdag og skal komme på førskuledag tysdag 13. juni. Dei skal gå i klasse med 5 kjekke elevar som startar i 2. klasse til hausten. Me ynskjer 1. klassingane velkommen til oss, og gler oss til dei startar på skulen måndag 21. august.

Lukke til vidare 7.klasse

Snart er det siste skuledag på Vik skule for Mira, Natalie og Hallvard. Ein liten, men triveleg gjeng som har vore gode på å skapa godt miljø rundt seg. Me vil takke dei kjekke 7. klassingane for dei 7 åra dei har vore elevar her. Me kjem til å sakna dokker. Lukke til vidare på Skjold skule.

Takk til Ingrid

Ingrid L. Sandvik har jobba på Vik skule i snart 15 år. Ho starta i vikariat i november i 2008 og blei verande i 80% fast stilling etterpå. Ingrid ønsker nå både å prøve noko anna, og å gå opp i 100% stilling. Det har ho fått på Vats skule. Me vil takka Ingrid for den gode jobben ho har gjort på Vik skule. Me vil sakne henne både som engasjert og dyktig lærar og som ein god samarbeidspartnar og støttespelar som kollega. Me ønskjer henne lukke til på Vats skule.



Me går litt ned i lærarressursar neste skuleår så det kjem ikkje noko ny lærar etter Ingrid. Men Anne Brith J. Nesheim går opp i 100% stilling og Veronika Tveit aukar sin stilling noko. Grunna omorganisering i kommunen skal ein ikkje lenger ha kontorpersoneil på skulane, men samle dette i 2 stillingar på rådhuset. Den 20% stillinga som Berit R. Skartland har på kontoret på skulen nå forsvinn difor frå hausten av. Berit aukar då frå 60% til 80 % stilling som assistent og SFO- koordinator på skulen, så me får ein auke i assistent her.

Elevtal og SFO

Me er i år 30 elevar på skulen og det blir akkurat det same neste skuleår. Det bli 8 elevar i 1.-2. klasse, 8 i 3.-4. klasse og 14 i 5.-7. klasse. 1.-4. klasse kjem til å vere saman i ein del av timane.

Det er 12 barn som skal gå på SFO og det er også akkurat det same som i fjor. SFO startar opp måndag 21. august og er open til kl.16.30 alle dagar. Det er tilbod om morgon-SFO i samarbeid med barnehagen.

Det er mogleg å kjøpe ekstratid i SFO. Ta kontakt med SFO-koordinator Berit Skartland på tlf. 90515628.

Personalet skuleåret 2022-2023

1. - 2. klasse

Kontaktlærer 1.-2. klasse	Bergfrid Kolltveit
Andre tilsette som arbeider her	Sandra Marie B. Sælemyr, Torunn V. Fredriksen, Berit Skartland.

3.- 4. klasse

Kontaktlærarar 3.- 4. klasse	Anne Brith J. Nesheim
Andre tilsette som arbeider her	Bergfrid Kolltveit, Sandra Marie B. Sælemyr, Torunn V. Fredriksen, Berit Skartland

5. - 7. klasse

Kontaktlærarar 5. - 7. klasse	Sandra Marie B. Sælemyr
Andre tilsette som arbeider her	Anne Brith J. Nesheim, Veronika Tveit og Berit Skartland

SFO	Berit R. Skartland og Torunn V. Fredriksen,
------------	---

Gratis kjernetid i SFO for 2. klasse frå hausten 2023

Kunnskapsdepartementet har nå vedtatt endringar i forskrift til opplæringslova § 1B-4 om gratis kjernetid i skulefritidsordninga for elevar både på 1. og 2. årstrinn. Endringa trer i kraft 1. august 2023. Føresette

treng ikkje søka om gratis kjernetid, dette vil komme til fråtrekk automatisk for alle på 1. og 2. trinn. Gratis kjernetid er pakke 7, eller fråtrekk på faktura tilsvarande 12 timar SFO i veka (1500 kroner per august 2023).

Skuledagen og skyss 2022- 2023

Om morgonen: Skyss frå Trovåg kl. 07.45 og Tindelands kl. 07.50. Det kan bli endringar i skyssstidene. Me tar då direkte kontakt med dei det gjeld. Ein brukar det same busskortet heile skuletida.

Skyss etter skuletid:

Skuledagen:

Dagar	Nord	Sør	Måndag	Kl. 08.15 – 13.00	1.-7. kl.
Måndag	13.05	13.30	Tysdag	Kl. 08.15 – 13.45	1.-7. kl.
Tysdag og torsdag	13.50	13.50	Onsdag	Kl. 08.15 – 12.15	1.-4. kl.
Onsdag	12.40	13.05		Kl. 08.15 – 12.35	5.-7. kl.
Fredag	12.05	12.25	Torsdag	Kl. 08.15 – 13.45	1.-7. kl.
	13.50	14.10	Fredag	Kl. 08.15 – 12.00	1.- 4.kl.
				Kl. 08.15 – 13.45	5.-7. kl.

Fjelltur til Grautavatnet, Bårefjell og Trodlafjell

23.05 var alle elevane på fjelltur. I løpet av skuletida skal elevane på 12 ulike fjellturar slik at dei blir kjente i bygda og nærmiljøet. 1.-4. klasse gjekk i år frå velteplassen nedanfor Bjordal og til Grautavatnet. På vegen tilbake var alle elevane også på toppen av Bårefjell (403 moh.) og skreiv seg inn i boka der.

Imponerende!

5.-7. klasse gjekk til

Trodlafjell som er det høgaste fjellet i Vikebygd (637 moh.). Også her kom alle elevane til toppen og dei var nede ved skulen igjen i godt humør og i god tid før skuleslutt. **Sprekingar!**

På bildet er mellomtrinnet ved kongegrava nedanfor Trodlandibbå.



Visma Flyt skole.

Føresette må logge inn og sjekke at det er rett mobilnummer og e-postadresse registrert på dei. Sjekk og at ein har svara på ulike samtykke (Jod-tablett, foto, bading, sitje på i bil osv.) Alt dette skal no registreras digitalt. Visma Flyt skole innlogging: <https://skole.visma.com/vindafjord>

Plan for resten av skuleåret

Torsdag 15.06	7. klasse på tur/ aktivitetar.
Fredag 16.06	7. klasse på tur/ aktivitetar. 5. og 6. klasse ryddar og vaskar spesialrom.
Måndag 19.06	Halvårsvurderingane for elevane blir lagt ut på Visma. Ein loggar seg inn og les desse på https://skole.visma.com/vindafjord Dei blir ikkje sendt heim på anna måte. Kontakt skulen om du treng hjelp til å logge inn el.l. Mjølkk og frukt for neste skuleår kan nå bestillast på www.skolelyst.no og www.skolefrukt.no .
Onsdag 21.06 <u>Skulen sluttar kl. 10.45.</u>	Friddrettsdag for alle elevane. Hugs klede som passar til dette. Skulen sluttar og elevane som har skyss blir kjørt heim kl. 10.45. SFO startar 10.45. Lærarane har planleggingsdag kl. 11.00- 18.30.
Torsdag 22.06	Me ryddar klasseromma. Hugs å ha med alle skulebøker/bibliotekbøker. 7. kl. har fellessamling: «Takk for oss».
Fredag 23.06	Tursti, grilling og aktivitetar. Alle kan ha med seg grillmat og det dei sjølv ynskjer å drikke. Om ein vil, kan ein og få ha med litt snop og t.d. chips. Skulen sluttar og bussane går heim til vanleg tid. SFO er ope til kl. 16.30. Hittegoods blir vist fram og ligg i personalavdelinga fram til 30.06.

**God
sommar!**



**Velkommen til skulestart måndag
21. august kl.08.15**